

Må få eit Barnehus

FYLKET: - Det må etablerast eit Barnehus i Sogn og Fjordane, meiner fylkesstyret i KrF. Dei meiner at born som opplever vald, må sikrast rask tilgang til hjelpeapparatet og avhøyr, og at dagens tilbod i Sogn og Fjordane er for dårleg. I dag må born frå Sogn og Fjordane nytte Barnehuset i Bergen.



Meir til foredling

LANDBRUK: Total mengde kumjolk brukt til lokal foredling i 2013 var 35.000 liter meir enn i 2012. Lokal foredling av geitemjolk auka svakt med 25.000 liter. Lokale osteproducentar i Hordaland og Sogn og Fjordane ystar mest av geitemjolk, medan osteproducentane i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal foredlar mest kumjolk lokalt.



HOPPANDE GLADE: Kent Roger Engdal, Viktor Borg og Wenche Elveseter er spente på kva resultat arbeidet deira vil gi.

Begge foto: Marit Brennset

Testar førdianarar

► Svensk student forskar på førebyggjande helsetiltak

FØRDE: Viktor Borg frå Kristianstad i Sverige kom heilt til Førde for å finne ut om trening er bra for arbeidsmiljøet.

HELSE

MARIT BRENNSET
marit.brennset@firda.no 95498906

- Eg fekk kontakt med Spentst via høgskulen i Sogn og Fjordane, som skulen min har eit samarbeid med. Eg tykte Spentst var spennande sidan dei samarbeider med bedriftshelsetenesta Stamina Helse, og fekk i gang eit samarbeid med dei, fortel Borg, som til vanleg går andre året på ein bachelor i folkehelsepedagogikk.

Avdelingsleiar på Stamina Helse, Wenche Elveseter, og dagleg leiar på Spentst, Kent Roger



FORSKAR PÅ NORDMENN:

Viktor Borg trur nordmenn og svenskar er ganske like, men han reiste heilt til Førde for å finne ut om fysisk aktivitet gjer arbeidsmiljøet betre.

Engdal, tok imot den svenske studenten med opne armar.

- Opplegget er veldig spennande. Dette er noko vi har arbeidd mykje med sjølv, men ikkje så systematisk som Viktor skal. Eg trur både vi, Viktor og Spentst vil nytte godt av dette samarbeidet, seier Elveseter.

Borg si oppgåve er å kartlegge to bedrifter, både før, midt i og etter eit treningsopplegg. No manglar berre bedriftene.

- Eg treng to bedrifter med mellom 20 og 50 tilsette før eg kan setje i gang for fullt, seier han.

Prosjekt i kommunen

Spentst og Stamina Helse har hatt eit prosjekt med Førde kommune som så langt har fått gode resultat.

- Bedrifter har blitt mykje meir opptekne av å førebygge sjukefråvær, og vår erfaring er at opplegget vårt fungerer. Tilbakemeldingane frå Førde kommune har

vore gode. Dei melder om både betre arbeidsmiljø, meir energi og betre helse. Det er dét vi er ute etter, seier Engdal.

Ikkje berre fysisk

Borg håpar at forskinga hans kan bidra til å finne ut korleis trening påverkar både sosialt og psykisk.

- Det er ikkje berre fysiske teikn eg er ute etter. Eg vil finne ut av korleis ein kan arbeide meir helsefremjande, seier han.

Det individuelle opplegget til Stamina og Spentst fascinerer svensken.

- Det er ganske unikt at eit bedriftshelsetenesta og treningsstøtte samarbeider om akkurat dette, seier han.

Både prosjektet og utdanninga til Borg fokuserer på førebyggjande.

- Det er mange som er etterpå-kloke og reagerer for seint. Difor håpar eg at nokre bedrifter her i Førde vil vere med på prosjektet.

FAKTA

► Spentst og Stamina Helse har eit felles mål om å få ned sjukefråværet og får no eit to-talltilbod innan helse og trening.

► Brukaren får rettleiing innan trening og kosthold gjennom tett personleg oppfølging og analyse.

Det er til gjensidig nytte, fortel svensken.

Borg sitt opphald i Førde er ferdig allereie i mai, men Elveseter i Stamina Helse seier at arbeidet ikkje vil stanse sjølv om Borg ikkje er der.

- Dette er noko vi vil dra nytte av. Det blir spennande å sjå om vårt prosjekt og Borg sitt prosjekt viser dei same resultat, seier ho.